



FORSVARSBYGG

WWW.FORSVARSBYGG.NO





BYGGER FORSVARSEVNE HVER DAG

Årsrapport

2020

1	<i>Rapport frå leiaren</i>	s. 4
2	<i>Introduksjon til verksemda og nøkkeltal</i>	s. 8
	Dei store tala	s. 10
	Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag	s. 12
	Organisasjon og leining	s. 12
	Samarbeid med andre	s. 12
	Måla våre	s. 13
	Nøkkeltal	s. 13
	Organisasjonen	s. 14
	Vår plass i forsvarssektoren	s. 15
3	<i>Årets aktivitetar og resultat</i>	s. 16
	Samla vurdering	s. 18
	Forsvarsbygg sitt målbilete	s. 19
	Mål L1	s. 20
	Mål L2	s. 21
	Mål L3	s. 22
	Mål Ø1	s. 23
	Mål I1	s. 26
	Rapport for ressursbruk	s. 29
	Bemanningssituasjonen vår	s. 30
	Totale driftskostnader	s. 31
4	<i>Styring og kontroll</i>	s. 32
	innleiing	s. 34
	Styringssystem	s. 34
	Mål- og resultatstyring	s. 34
	Risikostyring og intern kontroll	s. 34
	Riksrevisjonen	s. 34
	Verksemidskultur og integritetsbygging	s. 34
	Porteføljestyling	s. 35
	Digitalisering	s. 35
	Tryggleik og beredskap	s. 35
	Personvern og informasjonstryggleik	s. 35
	Inkludering i arbeidslivet	s. 36
	Dugnad for arbeidslivskriminalitet	s. 36
5	<i>Framtidsutsikter</i>	s. 38
	Mål R1	s. 40
	Mål R2	s. 40
	Mål R3	s. 41
	Mål R4	s. 41
6	<i>Årsrekneskap</i>	s. 42
	Kommentar frå leiinga til årsrekneskapen for 2020	s. 44
	Årsrekneskap med notar	s. 45





- 1 Forsvarsbygg bygger nytt forsyningsbygg for Forsvarets logistikkorganisasjon (FLO) på Værnes
- 2 Statsminister Erna Solberg besøkjer Evenes
- 3 NAWSARH: Ny base for redningshelikoptertenesta på Rygge
- 4 Naturrestaureringa av Hjerkinnskytefelt vart ferdigstilt i 2020
- 5 Hjerkinnskytefelt blir tilbakeført til naturen



Rapport frå leiaren



*Vi har sytt for gode leveransar
til Forsvaret, og bidrege til auka
kampkraft og berekraft.*

Rapport frå leiaren

Gode resultat i eit krevjande år

Forsvarsbygg har, som resten av samfunnet, vorte påverka av koronapandemien i 2020. Produksjonen har gjennom året likevel vore høg, og vi har levert effektive og operative eigedomar, bygg og anlegg til Forsvaret. Dette har bidrege til auka kampkraft, og vi har hatt ei aktiv rolle i utviklinga av eit berekraftig og framtidsretta norsk forsvar.

Då Noreg stengde ned 12. mars 2020, hadde Forsvarsbygg alt ein plan for pandemiberedskap. Planen gjorde oss i stand til å kome hurtig i gang med krisehandteringa, og vi har derfor klart å halde bygg og anlegg i full drift. Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre alt planlagt vedlikehald, men vi har prioritert ressursinnsatsen der han har gjeve størst effekt på operativ evne for Forsvaret. I tillegg har vi halde oppe cirka 95 prosent av produksjonsvolumet i investeringsverksemda og starta nye prosjekt.

Vi har effektivisert leveransane våre

I 2020 har vi gjennom ulike effektiviserings- og forbe-tringstiltak effektivisert våre leveransar og tenester med 57 millionar kroner. Til saman har vi i langtidsperioden 2017–2020 effektivisert for 250 millionar kroner. Dette er noko under kravet på 270 millionar kroner. Vi tek ut effektane av tiltaka gjennom lågare husleigekostnader og auka produksjon.

Vi er ein beredskapsorganisasjon

Eigedom, bygg og anlegg er viktige innsatsfaktorar for forsvaret av Noreg i fred, krise og krig. Forsvarsbygg har derfor ei viktig rolle som tilretteleggjar for trening og øvingar for Forsvaret. I 2020 deltok vi i totalforsvarsøvinga Polaris Gram 2020. Her fekk vi saman med resten av totalforsvaret trena den nasjonale kommandostrukturen si evne til å planleggje og gjennomføre styrkeoppbygging med påfølgjande nasjonale operasjonar. I tillegg fekk vi trena på samhandling mellom sivil og militær sektor, slik at vi kan vidareutvikle planverket og evna til å koordinere og prioritere dei totale ressursane samfunnet har i krise og krig.

Øvinga Cold Response 2020 vart avlyst på grunn av koronapandemien. I førebuingane og avviklinga av øvinga fekk vi likevel vist at vi kan stø opp om den operative evna til forsvarssektoren, og stø allierte styrkar på øving i Noreg. Erfaringane herifrå tek vi med oss inn i planlegginga av Cold Response 2022.

Fornyng og auka operativ evne for Forsvaret

I 2020 gjennomførte vi byggjeprojekt for om lag 3,7 milliardar kroner, til avtalt kvalitet og innanfor dei gjevne rammene. Vi overleverte 84 byggjeprojekt, blant anna oppgradert taksebane på Evenes, nytt mannskapskjøken til Hans Majestet Kongens Garde på Huseby, ammunisjonsbygg og perimetersikring på Ørland flystasjon og fleire prosjekt i programmet for utfasing av fossilt brensel. Vi har brukt midlane målretta på eigedom, bygg og anlegg som stø opp om Forsvaret si operative evne og bidreg til ein meir berekraftig eigedomsportefølje.

Nokre av dei viktigaste pågåande prosjekta våre er tilrettelegging for eigedom, bygg og anlegg til militær luftromsovervaking, framleis utbygging av kampflybase på Ørland og framskoten base for kampfly og nye maritime patruljefly på Evenes. Etablering av infrastrukturar og vedlikehaldsfasilitetar på Haakonsvern, og vidare oppbygging av Finnmark landforsvar og garnisonen i Porsanger, er også prioriterte prosjekt for å stø opp om Forsvaret si operative evne og beredskap.

Vi går inn i ein ny langtidsperiode

Forsvarssektoren er på veg inn i ein ny langtidsperiode (2021–2024). Denne inneber ei styrking av Forsvaret og skal blant anna auke Forsvarets beredskap, reaksjonsevne og uthald. Målsetnadene i den nye langtidsplanen krev at forsvarssektoren saman moderniserer og effektiviserer for 1,9 milliardar kroner årleg frå 2024.

Forsvarsbygg har utarbeidd eit nytt målbilete for perioden, som viser korleis resultata våre skal stø opp om effektmåla for forsvarssektoren. Målbiletet legg i større grad enn tidlegare vekt på berekraft i konkrete leveransar og rådgjeving. Vi har utarbeidd ein plan for perioden 2021–2032 som peikar ut den langsiktige retninga for verksemda og skildrar satsingsområde og prioriteringar. Til saman vil dette gjere oss godt rusta til å byggje forsvarsevne i åra som kjem.

Utvikling og verdibevaring

Med nesten 13 000 bygg og anlegg spreidde over heile landet forvaltar Forsvarsbygg den største offentlege eigedomsporteføljen i Noreg. Å finne ein god balanse i porteføljen slik at Forsvaret har det dei treng for verksemda si, er den viktigaste oppgåva vår. I 2020 har vi gjennomført vedlikehaldsprosjekt for om lag 557 millionar kroner, som er noko lågare enn fjoråret.

Eigedom, bygg og anlegg som skal vidareførast i den framtidige basestrukturen til Forsvaret, og som har mykje å seie for den samla operative evna og beredskapen i forsvarssektoren, har prioritet når vi planlegg ressursinnsatsen. Det er likevel ei utfordring å halde oppe tilstandsgraden på forsvarssektoren sin samla bygningsmasse.

I 2020 selde vi forsvarseigedomar for 227 millionar kroner. Salsinntektene består primært av bustadsal og sal av Soma-leiren i Stavanger. Forsvarssektoren har framleis behov for å avhende mykje eigedom, bygg og anlegg dei neste åra for å bidra til å finansiere forsvarsstrukturen i neste langtidsperiode.

Festningane hadde i 2020 totalt 2,5 millionar besøkjande. Dette viser at vi bidreg til å skape nytt liv på historisk grunn ved å leggje til rette for aktivitet på dei nasjonale festningsverka. Besøkstalet hadde ein monaleg nedgang frå 2019, men vi reknar det som godt med tanke på reiserestriksjonar og avlyste arrangement på grunn av koronapandemien.

Ein berekraftig forsvarssektor

Som den største offentlege eigedomsaktøren i Noreg har vi eit ansvar for å redusere klimaavtrykket vårt. Vi jobbar systematisk i byggjeprojekta våre for å finne kostnadseffektive løysingar, som varetek Forsvaret sine behov og samtidig sparer energi og ressursar. I løpet av året har vi innført krav til bruk av miljøoppfølgingsplanar i alle utbyggingsprosjekt. Vi har også starta eit innovasjonsprosjekt for å kunne byggje meir fleksibelt, berekraftig og ressurseffektivt framover. Prosjektet er støtta av Innovasjon Noreg og NHO sitt program for leverandørutvikling.

Forsvarsbygg ferdigstilte også det største naturrestaureringsprosjektet i noregshistoria på Hjerkin i 2020. Målsetnaden med å tilbakeføre 165 kvadratkilometer skytefelt til villmark er nådd, og området er innlemma i verneområdet på Dovrefjell. Vi fullførte også prosjektet Ren indre havn i Horten, der Forsvarsbygg har delteke både fagleg og finansielt saman med Horten kommune og Horten industripark.

Vi har fornya avtalar om samarbeid med Riksantikvaren om ansvar for kulturvern. Avtalen gjev Forsvarsbygg utvida fullmakt til å gjennomføre tiltak på freda byggverk, samtidig som vi forpliktar oss til å ha egne rutinar og kompetanse på fagområdet.

Kontinuerleg forbetring

Forsvarsbygg sitt vegkart for forbetringsarbeid har fram mot 2021 vore grunnmuren for å byggje ein kultur for kontinuierleg forbetring. For å sikre arbeidet med kontinuierleg forbetring i komande langtidsperiode, vil det bli etablert eit nytt vegkart. Det gjev oss ei felles plattform og rammeverk for vidare forbetringsarbeid.

Forsvarsbygg har levert eit godt økonomisk resultat innanfor ramma av forsvarleg forvaltning og krava sektoren har til haldningar, etikk og leiing. Internrevisjonen har vurdert at den overordna modninga i Forsvarsbygg på styring og kontroll er formalisert, og på veg mot etterleving. På verksemdsnivå er denne vurderinga uendra frå 2019. Internrevisjonen peikar på at Forsvarsbygg er i positiv utvikling, og at enkelte element i styringssystemet vårt beveger seg mot kontinuierleg forbetring. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen til Forsvarsbygg for 2019.

Vår ambisjon om å bli leiande på offentlege anskaffingar og bruke posisjonen vår i marknaden til å syte for priseffektive anskaffingar. Samtidig skal viktige samfunnsansvar varetakast i anskaffingane. I 2020 har vi ytterlegare styrkt oppfølginga av leverandørane våre og innsatsen mot arbeidslivskriminalitet.

Vi har i 2020 vist at eigedom, bygg og anlegg er ein premiss for utviklinga av ønskt forsvarsstruktur, og at Forsvarsbygg er ein viktig beredskapsorganisasjon for Forsvaret. Slik bidreg vi til å byggje forsvarsevne, kvar dag.



Svein Thorbjørn Thoresen,
direktør Forsvarsbygg

2

Introduksjon til verksen og hovudtal

*Forsvarsbygg er eit statleg
forvaltningsorgan underlagd
Forsvarsdepartementet.
Vi utviklar, byggjer, driftar
og avhendar eigedom for
forsvarssektoren.*

Dei store tala



9,7

Totale kostnader
var 9,7 milliardar
kroner



Talet på bygg og
anlegg vi forvaltar



1 474

tilsette fordelt på
1 415 årsverk

12 854



Vi avhenda 37 531
kvadratmeter. Totalt har
Forsvarsbygg avhenda
3 millionar kvadratmeter
sidan 2001



Aktive investeringsprosjekt
i ulike fasar


391




Forsvarsbygg selde
forsvarseigedom for
227 millionar
kroner i 2020

8 000


brukarar
i BASEN



2,5 millionar menneske
besøkte festningane



Forsvarsbygg forvaltar ein byggningsmasse på **4121631** kvadratmeter



Fordeling av eigedomsmassen

Administrasjon- og stabsanlegg	14,4 %
Velferds- og fritidsanlegg	2,9 %
Forlegningar og messer	18,3 %
Bustader	6,4 %
Lager- og vedlikehaldsanlegg	29,5 %
Basisanlegg	1,0 %
Utdannings- og øvingsanlegg	5,8 %
Strids- og forsvarsanlegg	17,7 %
Andre eigedomar, bygg og anlegg	3,8 %

Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag

Forsvarsbygg bygger forsvarsevne kvar dag. Vi bidreg til kampkraft og berekraft i forsvarssektoren, ved at Forsvaret har eigedom, bygg og anlegg (EBA) tilpassa behova sine. Vi vel kostnadseffektive løysingar inn- anfor alle delar av verksemda vår som gjer at vi frigjer ressursar til å styrkje Forsvaret si kjerneverksemd. Rådgjeving innan sikring av bygg, kulturminnevern og avhending er også viktige bidrag til å frigjere mid- lar for å styrkje den operative evna til Forsvaret. Forsvarsbygg sine aktivitetar har ringverknader for innbyggjarar i heile Noreg, både i og utanfor Forsvaret.

Den husleigebaserte forvaltningsmodellen til forsvars- sektoren er vedteken av Stortinget, og synleggjer kostnadene for eigedom, bygg og anlegg. Det er Forsvarsdepartementet som eig eigedomane i forsvarssektoren, og avgjer korleis desse skal brukast og utviklast. Forsvarsbygg har ansvaret for å utvikle, byggje, vedlikehalde og drifte EBA som forsvarssektoren betaler leige for. Forsvaret er leigetakar og brukar, og prioriterer og stiller krav ut frå behova sine.

Vi planlegg, byggjer, forvaltar og driftar

Forsvarsbygg varetek EBA-en til forsvarssektoren. Vi syter for alle oppgåver knytte til utvikling, bygging, utleige, eigedomsforvaltning, drift og vedlikehald. Vi trenar og øver med Forsvaret, slik at vi også har beredskap for å levere i krise og krig.

Vi vernar og sikrar bygg og anlegg

Forsvarsbygg ved Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg (NKSB) er rådgjevaren forsvarssektoren og staten bruker for vern og sikring av EBA mot eksplosjonsulykker, terrorhandlingar, spionasje, sabotasje og annan kriminalitet. NKSB er det leiande miljøet i landet for å utvikle kunnskap og løysingar som bidreg til eit tryggare Noreg.

Vi avhendar eigedom

Forsvarsbygg avhendar militære eigedomar som Forsvaret ikkje lenger treng. Avhendinga omfattar alt frå sal til miljøoppdydding, tilrettelegging for sivil bruk og prosessen fram til nye eigarar tek over. Dette tilfører midlar til forsvarsbudsjettet og frittek forsvars- sektoren for framtidig drifts- og oppdyddingsansvar.

Vi tek vare på kulturminne og skaper nytt liv på historisk grunn

Både verna og ikkje-verna bygningsmasse utgjer ein viktig samfunnsmessig ressurs med stort potensial. Den kulturminnefaglege rådgjevinga vår bidreg til løy- singar for å vareta kulturminneinteresser og sameine verneomsyn med optimal bruksfunksjon. Vi forvaltar og utviklar dei nasjonale festningane, og syter for at desse er tilgjengelege for publikum heile året.

Vi tek vare på miljøet

Forsvarsbygg har ansvar for å handtere miljø- utfordringane i forsvarssektoren. Vi har den fremste kompetansen i landet på miljøutfordringar innanfor forureining og støy frå militær aktivitet og øvingar. Stadig meir spesialiserte krav for forsvarssektoren blir varetekne og oppfylte.

Organisasjon og leining

Forsvarsbygg er i dag den største offentlege eige- domsaktøren i Noreg. Vi varetek behova til Forsvaret gjennom planmessig vedlikehald og fornying av den totale eigedomsporteføljen med 12 854 bygg og anlegg, på totalt 4 121 631 kvadratmeter bygningsmasse, for- delt over heile landet. Dei totale kostnadene for 2020 var på 9,7 milliardar kroner. Sidan 2001 har vi avhenda 3 millionar kvadratmeter ikkje føremålstenleg eige- dom. Sal av eigedom har gjort at forsvarssektoren har fått tilbakeført 5,5 milliardar kroner netto til å styrkje den operative evna til Forsvaret. Vi har 1474 tilsette fordelte på 1 415 årsverk. Vi er til stades der Forsvaret er, i 297 av dei 356 kommunane i landet. Hovudkontoret vårt er i Oslo.

Byggje- og rehabiliteringsprosjekta våre spenner breitt frå bustader, forlegningar og kontorbygg til vedlikehaldsfasilitetar for nye ubåtar og ny kampfly- base med støttefunksjonar og infrastruktur. Ny base for redningshelikopter er på plass på Rygge flystasjon, og på Værnes byggjer vi nytt forsyningsbygg til Forsvarets logistikkorganisasjon. I 2020 hadde vi om lag 391 større og mindre investeringsprosjekt i ulike fasar over heile landet. Vi investerer for om lag 3 milliardar kroner årleg.

Samarbeid med andre

Vi samarbeider tett med andre etatar i forsvarssektoren, mellom anna om forskning og utvikling på sikring av EBA. Vi har rammeavtalar med profesjonelle aktørar i EBA-bransjen knytte til byggjeprojekta våre.

Måla våre

L1	Stø opp om den operative evna og beredskapen til forsvarssektoren
L2	Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporteføljen
L3	God forvaltning av EBA i forsvarssektoren
Ø1	Målretta og effektiv bruk av midlar
I1	Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Frå og med 2021 har vi nye eksterne mål, forankra i Forsvarsbygg sitt tildelingsbrev og langtidsplanen for forsvarssektoren 2021–2024. Vi omtalar dei nye måla i kapittel 5, Framtidsutsikter.

For å nå desse måla har vi sett oss ni interne mål i tillegg. Desse måla blir varetekne av etatssjef og blir ikkje rapporterte til Forsvarsdepartementet.

- Miljøriktig planlegging, utvikling, forvaltning og avhending av EBA i forsvarssektoren
- Sikre omdømme, posisjon og gode kunderelasjonar
- Innovativ løysingsutvikling for å møte behova i sektoren
- Standardisering av løysingar og prosessar
- Integrerte planprosessar
- Strategisk porteføljestyling av eigedom og prosessar
- Felles modellar for analysar og styring
- Riktig kompetanse til rett tid: Kompetanse, kapasitet, leiing og kultur
- Digital transformasjon

NØKKELTAL

Indeksregulerte kroneverdiar for tidlegare år

År	2020	2019	2018	2017
Talet på årsverk	1 415	1 330	1 266	1 228
Samla tildeling post 01–99 (mill. kroner)	8 630	8 024	7 877	7 704
Utnyttingsgrad post 01–29	95 %	112 %	106 %	98 %
Sum driftskostnader (mill. kroner)	6 126	6 509	6 689	5 762
Delen investeringar	46 %	41 %	44 %	46 %
Lønsdel av driftskostnader	15 %	14 %	13 %	15 %
Lønskostnader per årsverk (heile tusen)	665	698	677	725
Seld forsvarseigedom for (mill. kroner)	227	324	713	751
Investeringsaktivitet i egne bygg og anlegg (mill. kr)	3 607	2 926	2 778	2 652
Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet	-425	-243	-225	-360

Organisasjonen per 31.12.2020



DIREKTØR
FORSVARSBYGG
Svein Thorbjørn Thoresen



ASSISTERANDE
DIREKTØR
Camilla Mathiesen



avdelingsdirektør
ANSKAFFINGAR
Marit Kristiansen




avdelingsdirektør
EIGEDOMSFORVALTNING
Jan Erik Johansen



avdelingsdirektør
PROSJEKT OG UTVIKLING
Vigdis Kampenes



avdelingsdirektør
RESSURSSENTER
Linn Rålien Westersø



Vår plass i forsvarssektoren



STORTINGET



FORSVARSDEPARTEMENTET



Etatane i forsvarssektoren




FORSVARET



FORSVARETS FORSKINGSINSTITUTT



FORSVARSBYGG



FORSVARSMATERIELL

Forsvaret er Forsvarsdepartementet sin største underliggjande etat med ansvar for styrkeproduksjon og dei ulike våpengreinene.

Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) har til føremål å drive forskning og utvikling for Forsvaret sine behov. FFI skal vere den politiske og militære leiinga i Forsvaret sin rådgjevar i faglege spørsmål innanfor instituttet sitt arbeidsområde.

Forsvarsmateriell støyr Forsvarsdepartementet og Forsvaret i planlegginga av framtidige nyanskaffingar av våpensystem og materiell.

Kjelde: Regjeringen.no

3

Årets aktiviteter og resultat

Forsvarsbygg har utnytta ressursane på ein god måte. Vi har i hovudsak levert på investeringane og effektiviseringskravet for langtidsplanen for Forsvaret 2017–2020.

Porteføljen blir framleis ikkje vurdert å vere berekraftig. Vi utviklar beredskapsplanverk som svarer ut Forsvaret sine behov, og har delteke i Forsvaret sine øvingar. Vi har formidla kunnskap om sikring av eigedom, bygg og anlegg til samfunnet og levert gode resultat på miljøvenlege løysingar.

Samla vurdering 2020

Vi har god måloppnåing på to av fem mål, og vurderer samla resultat til godt.

Ressursbruk

Dei totale kostnadene for 2020 var på 9 754 milliardar. Av dette er 6 126 milliardar driftskostnader og 3 628 milliardar investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Vi har brukt midlane målretta på eigedom, bygg og anlegg som stør opp om Forsvaret si operative evne og bidreg til ein meir berekraftig eigedomsportefølje. Redusert driftsaktivitet på grunn av koronapandemien har gjeve ein nedgang i driftskostnadene på 242 millionar kroner, samanlikna med 2019. Vare- og tenestekjøp utgjør 74 prosent av dei totale kostnadene i 2020, inkludert gjennomførte investeringar i EBA. Dette er ein auke på fem prosentpoeng samanlikna med 2019. Delen samla lønskostnader av totale kostnader er ti prosent. Dette er tre prosentpoeng ned frå fjoråret. Andre kostnader utgjorde tre prosent av totalkostnaden, ned eitt prosentpoeng samanlikna med 2019. Delen avskrivingar på varige driftsmiddel var totalt 13 prosent, også dette ned eitt prosentpoeng frå fjoråret.

Rekneskapen

Kontantrekneskapen for 2020 viser 425 millionar kroner høgare driftsutgifter enn driftsinntekter. Dette er 263 millionar kroner mindre enn tillaten meirutgift på 688 millionar kroner, og årsresultatet på drift er dermed godt. For 2020 har Forsvarsbygg levert 35 prosent under målkravet til vinstrealisering. Dette kjem av at eingongseffektar er vortne registrerte som varige vinstar. Innanfor langtidsperioden 2017–2020 har vi levert 7,6 prosent under det akkumulerte målkravet.

Miljø

Forsvarsbygg har sidan tidleg 2000-tal jobba med å fase ut bruk av fossilt brensel til oppvarming av bygg og anlegg. Planen for utfasing av fossilt brensel til oppvarming av bygg er realisert, med berre enkelte dispensasjonar. Vi planlegg å vere ferdige med all utfasing av fossilt brensel seinast innan utløpet av dispensasjonsperioden i 2023.

Effekt for forsvarssektoren og samfunnet

Vi overleverte 84 byggjeprojekt til Forsvaret i løpet av året, ferdigstilte 32 avgjerdsunderlag, og har fått 53 gjennomføringsoppdrag til eit samla kostnads-estimat på 2,9 milliardar. Forsvarsbygg har gjennom

året delteke i stabsøvingar og operative øvingar med Forsvaret. Øvinga Cold Response 2020 vart avlyst, men viste at vi kan stø opp om den operative evna til forsvarssektoren, og stø allierte styrkar på øving i Noreg. Vi tek med oss erfaringane inn i planlegginga av Cold Response 2022.

Nokre av dei viktigaste prosjekta våre i 2020 er tilrettelegging for eigedom, bygg og anlegg til militær luftroms-overvaking, framleis utbygging av kampflybase på Ørland og framskoten base for kampfly og nye maritime patruljefly på Evenes. Etablering av infrastruktur og vedlikehaldsfasilitetar på Haakonsvern, og vidare oppbygging av Finnmark landforsvar og garnisonen i Porsanger, var også prioriterte prosjekt for å stø opp om Forsvaret si operative evne og beredskap. Vi har utført vedlikehald på bygningsmassen og prioritert eigedom, bygg og anlegg som blir vidareført i den framtidige basestrukturen til Forsvaret, og som har mykje å seie for den samla operative evna og beredskapen i forsvarssektoren. Vi bidreg til å skape nytt liv på historisk grunn ved å leggje til rette for aktivitet på dei nasjonale festningsverka. Festningane vart i 2020 besøkte av 2,5 millionar personar. Dette er ein stor nedgang frå fjoråret, og kjem av reiserestriksjonar og avlyste arrangement under koronapandemien.

Vi avhendar eigedom som Forsvaret ikkje lenger skal bruke. Gjennom sal og miljøsanering bidreg vi til at tidlegare militære eigedomar blir tilgjengelege for ny sivil bruk. Etter at kostnader til riving, sikring og miljøsanering er trekte frå, leverte vi om lag 157 millionar kroner tilbake til forsvarsbudsjetta til bruk for høgare prioriterte føremål i forsvarssektoren. Avhending av eigedom bidreg også til å redusere dei samla driftskostnadene til eigedom, bygg og anlegg som forsvarssektoren har. At vi er til stades over store delar av landet, gjer oss til ein viktig bidragsytar for både lokal og nasjonal sysselsetjing. Forsvarsbygg har i 2020 revidert seriøsitetskrava i kontraktane våre, og henta inn og vurdert 527 skattefullmakter. Dette gjev oss høve til å reagere på avvik utover uteståande skattar og avgifter.

Forsvarsbygg har i 2020 arbeidd vidare med å byggje ein kultur for kontinuerleg forbetring. Dei viktigaste aktivitetane har vore å vidareføre vegkartet for kontinuerleg forbetring og gjennomføre verdistraums-analysar av sentrale prosessar, slik at dei kan standardiserast og brukast i digitaliseringsarbeidet.

Forsvarsbygg sitt målbilete

VURDERINGSKRITERIUM

- God
- Akseptabelt
- Ikkje akseptabelt
- Tryggingegradert

L LEVERANSAR	L1 Stø opp om den operative evna og beredskapen til forsvarssektoren	L2 Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporteføljen	L3 God forvaltning av eigedomar, bygg og anlegg som tilhører forsvarssektoren
Ø ØKONOMI	Ø1 Målretta og effektiv bruk av midlar		
I INTERNE PROSESSAR	I1 Kontinuerleg forbetring og effektivisering		

mål L1

Stø opp om den operative evna og beredskapen til Forsvaret

Forsvarsbygg skal stø opp om Forsvaret si operative evne og beredskap i tråd med dei krava som til kvar tid blir stilte gjennom instruksar og retningslinjer for forsvarssektoren innanfor området. Det inneber å syte for at støtte frå etaten til Forsvaret si operative evne og beredskap inngår som ein integrert del av verksemdsstyringa til Forsvarsbygg.

Forsvarsbygg skal ha oppdaterte beredskapsplanar og gjennomføre relevante beredskapsførebuingar med grunnlag i definerte oppgåver, slik at etaten har ein fullt ut tilfredsstillande beredskap. Forsvarsbygg skal delta aktivt i beredskapsøvingar i tråd med behova i forsvarssektoren. Det skal vidare gjevast prioritet til aktivitet som stør nasjonal og alliert operativ planlegging, og i tillegg etter oppdrag, stø forsvarssektoren og sivile styresmakter sitt arbeid innanfor tryggleik med vekt på vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg. Forsvarsbygg skal på oppdrag stø Forsvaret og andre etatar i arbeidet med å lage ei heilskapleg oversikt over status for vernetiltak, og å implementere og/eller bidra til å implementere tiltak for deira skjermingsverdige objekt. Vurdering av måloppnåing baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg si evne til å løyse oppdrag i tråd med definerte krav.

Samla vurdering av måloppnåing

Delar av rapporteringa på dette målet er tryggleiksgradert. Det er derfor berre eit ugradert utdrag som blir presentert i årsrapporten.

I 2020 har vi styrkt tryggleiks- og beredskapsorganisasjonen. Dette vil gjere oss i stand til å vidareutvikle tryggleiks- og beredskapskulturen, levere tenester i tråd med forventningane i forsvarssektoren og i større grad delta i Forsvarets tryggleiks- og beredskapsarbeid. Vi jobbar tett saman med Forsvaret med å vidareutvikle det operative planverket for beredskap, for å stø opp om Forsvaret sine operative behov. Vi har også samarbeidd med Forsvaret om korleis vi best mogleg kan yte vertskapsstøtte overfor allierte styrkar som kjem til Noreg for å trene.

Forsvarsbygg var godt førebudd til øvinga Cold Response 2020. Sjølv om øvinga vart avlyst, viste Forsvarsbygg at vi kan stø opp om forsvarssektoren si operative evne, og stø allierte styrkar på øving i Noreg. Vi tek med oss erfaringane inn i planlegginga av Cold Response 2022.

Dei planlagde fortifikatoriske kontrollane av prioriterte operative anlegg har vorte utsette på grunn av koronapandemien. Vi planlegg å gjennomføre desse i 2021. Det er ei aukande interesse for vår fortifikatoriske kompetanse i og utanfor forsvarssektoren. Vi jobbar kontinuerleg med å vidareutvikle denne kompetansen, og har i 2020 utvikla eit e-læringskurs og ei handbok for våpenverknader.

Objekttryggingsarbeidet held fram og har frå 2020 vorte utvida til å vareta infrastrukturtryggleik.

Resultatkrav

L1.1 Beredskap for å stø opp om den operative evna til forsvarssektoren

Forsvarsbygg skal oppfylle krava til styrkestruktur, komplett operativ organisasjonsplan, operativt planverk, hovudplan og einingsplan, og beredskapskrav og klartider.

Ambisjon 2020

Føremålet med styringsparameteren er å kvalitativt måle evna vår til å bidra til forsvarssektoren si operative evne og beredskap.

Resultat 2020

Måloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er rekna for å vere skjermingsverdig.

L1.2 Evne til å stø opp om objekttryggleiken i forsvarssektoren

Vi skal stø Forsvaret og andre etatar i forsvarssektoren for å vareta tryggingslova sine krav til sikring av skjermingsverdige objekt. Det inneber å lage ei heilskapleg oversikt over status for permanente sikringstiltak i etterkant av oppdrag, og å planleggje og etablere ytterlegare sikringstiltak for dei skjermingsverdige objekta verksemda har i samsvar med krava i tryggleikslova.

Ambisjon 2020

Vi skal ha kapasitet og kompetanse til å levere tilstrekkelege tenester på dei oppdraga vi tek mot.

Resultat 2020

Måloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er rekna for å vere skjermingsverdig.

mål L2

Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporteføljen

Forsvarsbygg skal stø opp om ei berekraftig og kostnadseffektiv utvikling av Forsvaret ved at eigedomsporteføljen er i samsvar med vedteken struktur i iverksetjingsbrevet for langtidsplanen (IVB LTP) 2017–2020.

Det inneber å utarbeide gode planar, gjennomføre kostnadseffektive investeringar og å avhende utrangert EBA inkludert riving og miljøopprydding. Forsvarsbygg skal vere ein god rådgjevar for forsvarssektoren i val av EBA-løysingar. Vi skal bidra til å utvikle og tilpasse eigedomane til forsvarssektoren sine endra behov ved å tilby nøkterne og fleksible løysingar. Måloppnåinga baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg si evne til planlegging, rådgjeving og gjennomføring av vedtekne investerings- og avhendingsprosjekt.

Samla vurdering av måloppnåing

Vi leverer akseptabelt på målet i 2020.

Forsvarsbygg har i all hovudsak levert på investeringsplanen i tråd med vedteken strukturutvikling i langtidsplanen for Forsvaret 2017–2020. Ei årsak til dette er auken i fjoråret i grunnbemanning og innleige av ressursar.

I 2020 overleverte vi 84 byggjeprojekt til Forsvaret. Vi ferdigstilte 32 avgjerdsunderlag og fekk 53 gjennomføringsoppdrag til eit samla kostnadsestimat på 2,9 milliardar. I løpet av året har vi blant anna overlevert eit nytt mannskapskjøken til Hans Majestet Kongens Garde på Huseby, oppgradert taksebana Yankee på Evenes og ferdigstilt rullebaneforlenging, ammunisjonsbygg og perimetersikring på Ørlandet. Vi har også inngått store entreprisekontraktar for å sikre framdrift i blant anna prosjekta ubåt, infrastruktur og utrustningskai på Haakonvern og Quick Reaction Alert på Evenes.

Investeringsprosjekt

Ørland, Evenes og Værnes

Utbygginga av kampflybasen på Ørland er vårt største utviklingsprosjekt nokosinne. Prosjekta er i all hovudsak gjennomført i samsvar med oppdraget gjeve av Forsvarsdepartementet, og 15 byggjeprojekt vart overleverte til Forsvaret på Ørland i 2020. Vi har i løpet av året levert fleire prosjekt til Forsvaret på Evenes. Ny plassering av MPA-hangar har ført til press på tid og kostnader. På Værnes er kritiske prosjekt ferdigstilte, og vi har fått gjennomføringsoppdrag for nye store prosjekt. Prosjekta knytte til flyttinga av Luftforsvarets skulesenter frå Kjevik er forseinka.

Ubåt

Forsvarsbygg har lagt til rette for prosjektet ved å inngå kontraktar for tomteopparbeiding. EBA-prosjektet er i rute, og ferdigstillingstidspunkt er i samsvar med revidert framdriftsplan for materiellprosjektet. Prosjekta skal etter planen overleverast Forsvaret i 2027.

Skjermingsverdige objekt (SVO)

To prosjekt vart i 2020 overleverte til Forsvaret, og arbeidet med sikring av skjermingsverdige objekt er framskunda.

Garnison i Porsanger

Forsvarsbygg har i 2020 fått oppdrag og levert dei første avgjerdsunderlaga for Finnmark landforsvar. Oppdraget skal vere løyst innan utgangen av 2023.

Utgreiings- og rådgjevingssstøtte i forsvarssektoren

I 2020 har vi støtta Forsvarsdepartementet og Forsvaret i arbeidet inn mot langtidsperioden 2021–2024. Dette inkluderer rådgjeving og utgreiingar om utvikling av eigedomsporteføljen, blant anna framskaffing av EBA-kapasitetar, verdibevaring av eksisterande eigedomsportefølje og avhending. Forsvarsbygg har også bidrege med EBA-faglege råd i gjennomføringsplanlegging for forsvarssektoren sin langtidsplan (2021–2024), og identifisert moglege effektiviseringsområde. Forsvarsbygg har også fått oppdrag om å stø Forsvarsdepartementet med EBA-faglege råd og utgreiingar i det strategiske planarbeidet i forsvarssektoren.

Utfasing av fossilt brensel

Forsvarsbygg har sidan tidleg på 2000-talet jobba med å fase ut bruk av fossilt brensel til oppvarming av bygg og anlegg. Planen for utfasing av fossilt brensel til oppvarming av bygg er realisert, med berre enkelte

dispensasjonar frå kravet på lokasjonane Bodø, Evenes og Haakonsvern. Vi planlegg å vere ferdige med all utfasing av fossilt brensel seinast innan utløpet av dispensasjonsperioden i 2023.

Avhending

Forsvarsbygg avhenda Soma-leiren og 50 bustader i 2020, som bidrog til at avhendingsplan vart innfridd. Åtte miljø- og oppryddingsprosjekt vart ferdigstilte i 2020, der tilbakeføringa av Hjerkinnskytefelt og opprydding av Horten indre havn var dei største.

Resultatkrav

SP L2.1 Byggjeprojekt ferdigstilte til avtalt tid

Føremålet med styringsparameteren er at brukarane kan ta i bruk EBA i samsvar med behovet og at prosjekta blir gjennomførte mest mogleg kostnads-effektivt.

Ambisjon 2020

90 prosent av ferdigstilte prosjekt skal vere overleverte til brukar på tidspunkt for avtalt overlevering i gjennomføringsoppdraget.

Resultat 2020

Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter L2.1	2020	2019
Ferdigstilte prosjekt leverte på tidspunkt for avtalt overlevering.	87 %	50 %

Det er overlevert 84 byggjeprojekt i 2020. 73 prosjekt er overleverte brukar til rett tid, mens elleve prosjekt er overleverte med forseinking.

I gjennomsnitt er dei elleve prosjekta forseinka med ti månader, der årsakene er behovsavklaring, interne prosessar i Forsvarsbygg og omfangsendring. Vi har i 2020 utvikla ein metode for oppfølging av investeringsprosjekt. Fokuset og tiltaket på milepålar har bidrege til ei forbetring frå måloppnåinga frå 50 prosent i 2019 til 87 prosent i 2020.

mål L3

God forvaltning av EBA i forsvarssektoren

Vi varetek verdiane i eigedomsporteføljen. Dette vil seie å halde ved lag bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi, med prioritet på bruksverdi for Forsvaret. Det overordna målet for eigedomsforvaltninga er at all ressursbruk skal resultere i funksjonell EBA som tilfredsstiller brukarane sine behov innanfor best mogleg totaløkonomi i forsvarssektoren.

Samla vurdering av måloppnåing

Vi leverer akseptabelt på målet i 2020.

Forsvarsbygg prioriterer tilgjengelege vedlikehaldsmidlar til operativ eigedom, bygg og anlegg. I 2020 har vi gjennomført vedlikehald for 554 millionar kroner inkludert forvaltningskostnader. 78,3 prosent av midlane har gått til planlagde vedlikehaldstiltak, og er nært målkravet på 80 prosent.

Tilstandsgraden har hatt ei negativ utvikling dei seinare åra, og vi forventar inga forbetring av tilstanden på porteføljenivå for 2021. Alderen på dagens eigedom, bygg og anlegg gjer at vi dei neste ti åra står framfor eit stort behov for fornying. Oppdukkande vedlikehald har vore aukande, for å unngå svikt, drifts-avbrot eller andre uønskte konsekvensar.

Festningane

Festningane hadde i 2020 2,5 millionar besøkjande. Dette er ein stor nedgang frå fjoråret, og kjem av reiserestriksjonar og avlyste arrangement under koronapandemien.

Forsvarsbygg jobbar kontinuerleg med nødvendig tilpassing og oppgradering av festningane, slik at kulturminneverdi og god funksjonalitet blir halde ved lag. Vi utarbeider moglegheitsstudiar for verna bygningar som ikkje er i bruk, for å vise korleis bygningsmassen kan takast i bruk framfor å byggje nytt. Forsvarsbygg vurderer også utsikter for å avhende bygg i randsona av festningane for å auke graden av sjølvfinansiering.

Ålmann verneplikt

Forsvarsbygg har i 2020 fått 10 millionar kroner for å leggje til rette for ålmann verneplikt. I tillegg vart det overført ubrukte midlar frå 2019 for å fullføre fjorårets prosjekt på Skjold. Tildelinga har i år gjeve auka dusj- og toalett kapasitetar hos sjøforsvaret og ei ny toalett løsning for skyte- og øvingsfelt. Smittevernsrestriksjonar har medført at eit større tiltak som var planlagt på Madla, ikkje kom til gjennomføring. Tiltaket blir gjennomført i 2021.

Elektronisk sikring

Leveranseavtalen for elektronisk sikring til Forsvaret skal sikre ei planmessig og føreseieleg drift av Forsvaret sine anlegg. I 2020 har Forsvarsbygg ytterlegare styrkt fagkompetansen innanfor elektronisk sikring for å sikre overordna styring av leveransane.

Skadar på eigedom, bygg og anlegg

I 2020 er det registrert skadar på eigedom, bygg og anlegg for 23 millionar kroner. Desse blir finansierte av husleiga frå Forsvaret. Tala er stabile, og naturskadar er framleis den største årsaka.

Energi

Energileiing består av tekniske tiltak, energioppfølging på drift av tekniske system, og rådgjeving om brukar-åtfærd, som bidreg til lågare energibruk. Energiforbruket i sektoren auka med 70 GWh samanlikna med 2019. Forsvarsbygg samarbeider med Forsvaret for å etablere eit nytt energioppfølgingssystem, som skal gje oss eit betre grunnlag for å analysere straumforbruket og utforme energireduserande tiltak. Ei konseptutgreiing for innovative energi- og klimaløysingar for bygg, område og energisystem viser at Forsvarsbygg har eit potensial for å redusere nettleigekostnadene. Vi arbeider saman med Forsvaret for å leggje til rette for at føresetnadene for vinstrealiseringa skal kunne innfriast.

Telelosji

Forsvarsbygg behandlar søknader om å etablere og oppgradere kommunikasjonsutstyr på Forsvarets grunn. Utstyret syter blant anna for mobildekning på mobiltelefonen både hos Forsvaret og sivilbefolkninga. Vi har i 2020 sluttført ein saksbehandlings-, avtale- og faktureringsprosess for å effektivisere samspelet mellom Forsvarsbygg, regionane, høyringsinstansane og søkerane.

Resultatkrav

L3.1 Gjennomføre planmessig vedlikehald

Parameteren måler kor stor del av vedlikehaldsmidlar som er nytta til planlagt vedlikehald i forhold til totalt tilgjengelege vedlikehaldsmidlar (rekneskapstal), og kor mykje av totale verdibeveringsmidlar som går til verdibevering.

Ambisjon 2020

A: Vi skal sikre at minimum 80 prosent av dei totale vedlikehaldsinntektene i husleiga går til planlagt vedlikehald av bygg og anlegg.

B: Vi skal sikre at minimum 73 prosent av dei totale husleigeinntektene skal gå til verdibevering av porteføljen. Målt første gong i 2019.

Resultat 2020

Måloppnåinga er akseptabel

Styringsparameter L3.1	2020	2019
A: Delen gjennomført planmessig vedlikehald	8,3 %	83,7 %
B: Verdibeveringsmidlar (kostnader) nytta til verdibevering/ totale husleigeinntekter	70,2 %	72,9 %

mål Ø1

Målretta og effektiv bruk av midlar

Forsvarsbygg skal ha god økonomistyring i eit årleg og fleirårig perspektiv slik at tildelte midlar blir brukte nøkternt og effektivt i tråd med føresetnadene i IVB LTP2017–2020. Forsvarsbygg skal optimalisere drifta og syte for best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, basert på nøktern framferd i eit heilskapleg perspektiv. Forsvarsbygg skal ha oversikt over konsekvensane av budsjettbalanserende tiltak og kome med forslag til tiltak og prioriteringar, medrekna om tiltaka er mellombelse eller varige. Forsvarsbygg skal bidra med effektiviseringstiltak og syte for å ta ut sin del av vinstpotensialet som eit ledd i å finansiere langtidsplanen for forsvarssektoren. Vurderinga av måloppnåing baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg sitt økonomiske resultat og samla leveransar. God styring og kontroll og evna til å oppnå forventa årsresultat skal leggast vekt på i vurderinga.

Samla vurdering av måloppnåing

Vi leverer godt på målet i 2020.

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk: Kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen, og periodisert verksemdsrekneskap etter statlege rekneskapsstandardar (SRS). Måloppnåinga i Forsvarsbygg er basert på kontantrekneskapen for styringsparameter for årsresultat på drift, investering, avhending og vinstrealisering. I tillegg blir måloppnåing vurdert for styringsparameter for gjennomsnittleg sluttkostnad innanfor styringsramma, investeringskostnad per kvadratmeter og delen generelle kostnader.

I tråd med prinsippa i dei statlege rekneskapsstandardane, viser den periodiserte verksemdsrekneskapen for 2020 eit null-resultat. Resultateffekten av transaksjonsbaserte inntekter i 2020 var 190 millionar kroner, og er brukt til å redusere inntektsført løyving. Budsjettet var på 222 millionar kroner. Avviket skriv seg frå høgare husleigekostnader hovudsakleg på grunn av høg aktivitet knytt til oppdukkande vedlikehald, meir-kostnader for eitt prosjekt på Skjold og som følgje av koronapandemien. Det har vore lågare avhendingsinntekter samanlikna med budsjett, men nedjustert målkrav er nådd.

Kontantrekneskapen for 2020 viser 425 millionar kroner høgare driftsutgifter enn driftsinntekter. Dette er 263 millionar kroner mindre enn tillaten meirutgift på 688 millionar kroner, og måloppnåinga for årsresultatet på drift er dermed god. Måloppnåinga for årsresultat på investering består av utgifter til nybygg og nyanlegg og kampflybase. Forsvarsbygg hadde ei mindreutgift knytt til investeringar i 2020 på 188 millionar kroner. Av desse er 22 millionar kroner knytte til nybygg og anlegg, mens 167 millionar kroner er knytte til kampflybaseprosjektet. Mindreutgifta knytt til nybygg og nyanlegg utgjer 0,7 prosent, og kjem i hovudsak av kontanteffekt knytt til utbetaling av leverandørfaktura mellom år. Lågare utgifter på kampflybaseprosjektet kjem i hovudsak av tidsforskyvingar. Måloppnåinga for årsresultatet på investering blir vurdert som god.

Forsvarsbygg si måloppnåing for årsresultatet på avhending er god. Årsresultatet er netto 157 millionar i 2020, noko som er 4 millionar kroner over målkravet. Forsvarsbygg har høgt fokus på forbetnings- og effektiviseringsstiltak. Det er krav om at Forsvarsbygg skal

effektivisere for til saman 270 millionar 2020-kroner i årlege innsparingar innan utgangen av langtidsperioden 2017–2020. Realiserte vinstar skal vere varige og kunne omprioriterast til høgare prioriterte føremål i forsvarssektoren. For 2020 har Forsvarsbygg levert 7,6 prosent under målkravet til vinstrealisering. Årsaka til at rapportert realisert vinst for investering vart lågare enn i 2019 kjem av at vinsten for reduserte entreprisekostnader var registrert som varige vinstar, men har vist seg å vere eingongseffektar.

Forsvarsbygg har ei god berekna uvissespreiing. Det har vorte terminert 78 investeringsprosjekt i 2020 til ein sluttkostnad på 97,5 prosent av ein samla P50 på 4 776 millionar kroner. Måloppnåinga blir dermed vurdert som god.

Forsvarsbygg har i 2020 berre fem prosjekt som er kvalifiserte til å berekne investeringskostnad innanfor definerte byggkategoriar. Tre investeringsprosjekt har høgare kvadratmeterprisar enn referanseprisane. Årsaka er ein svært avgrensa leverandørmarknad lokalt som kan gjennomføre omfanget av prosjekta. I tillegg er klima ein risikofaktor som påverkar kostnaden. For 2020 har Forsvarsbygg levert under målkravet for reduksjon av investeringskostnad per kvadratmeter. Nivået på generelle kostnader for terminerte prosjekt ligg over målkravet for 29 av 54 prosjekt. Resultat for porteføljen er på 20,4 prosent generelle kostnader av ein sluttkostnad på 3 970 millionar kroner. 16 av dei terminerte prosjekta er mindre prosjekt med låge sluttkostnader, men med ein del generelle kostnader som er over målkrav. Mindre og mellomstore prosjekt får ein forholdsmessig større del byggherrekostnader enn større prosjekt då krava til prosjektoppfølgjing er tilnærma likt. Generelt er omprosjektering, tidsforskyvingar, kompliserte og krevjande anlegg, og dessutan utfordringar i marknaden underliggjande drivarar for auka generelle kostnader. Måloppnåinga for delen generelle kostnader er ikkje nådd.

Resultatkrav

Ø1.1 Årsresultat drift

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle prosentvis avvik mellom tildeling og forventa forbruk innanfor drift.

Ambisjon 2020

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik fem prosent.

Resultat 2020

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter Ø1.1	2020	2019
Kapittel 1710/4710, post 01	0,93 %	3,25 %
– Forsvarsbygg sitt driftskapittel		

Ø1.2 Årsresultat investering

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle avvik mellom tildeling og forventa forbruk innanfor investeringsperspektivet.

Ambisjon 2020

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik fem prosent.

Resultat 2020

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter Ø1.2	2020	2019
Kapittel 1710, post 47 – Nybygg og anlegg	0,7 %	15,1 %
Kapittel 1761, post 47 – Kampflybase	21,3 %	15,1 %
Samla avvik frå ramme	4,8 %	15,1 %

Ø1.3 Årsresultat Avhending

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle avvik mellom inntektskrav og avhendingsinntekter.

Ambisjon 2020

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik ti prosent.

Resultat 2020

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter Ø1.3	2020	2019
Kapittel 4710, post 47 – Årsresultat avhending	2,4 %	1,4 %

Ø1.4 Vinstrealisering

Forsvarsbygg skal frigjere minimum 270 millionar 2020-kroner i perioden 2017–2020, gjennom tiltak knytte til effektivisering, i tråd med årlege resultatkrav.

Ambisjon 2020

Forsvarsbygg skal frigjere minimum 270 millionar kroner ved utgangen av 2020.

Resultat 2020

Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter Ø1.4	2020*	2019*
Drift	156 mill.	86 mill.
Investering	94 mill.	107 mill.
Samla vinst	250 mill.	193 mill.

* Tala er akkumulerte, indeksregulert og avrunda.

Ø1.5 Gjennomsnittleg sluttkostnad innanfor P50

Føremålet er å måle at det er tilstrekkeleg samsvar mellom utrekna sannsyn for prosjektkostnad og verkeleg prosjektkostnad (sluttkostnad), og om det er tilstrekkeleg kontroll med uvissestylinga i prosjekta.

Ambisjon 2020

Forsvarsbygg skal ha ei god berekna uvissespreiing. Samla sluttkostnad for porteføljen av ferdigstilte prosjekt siste år, delt på samla styringsramme for dei same prosjekta, skal ikkje overstige 1 (100 prosent).

Resultat 2020

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter Ø1.5	2020	2019*
Gjennomsnittleg sluttkostnad innanfor P50	97,5 %	98 %

*Styringsparameter låg under L2 i 2019.

Ø1.6 Investeringskostnad per kvm

Forsvarsbygg skal planleggje og ferdigstille bygg med nøktern standard og tilfredsstillande kvalitet til riktig kostnad.

Ambisjon 2020

Redusere kostnadene med 5 prosent samanlikna med prisenivå 1. juli 2016 (6 prosent innan 2021).

Resultat 2020

Måloppnåinga er ikkje akseptabel.

Styringsparameter Ø1.6	2020	2019*
Kostnadene i investeringsprosjekta skal reduserast for definerte byggkategoriar.	7,0 %	-12 %

*Styringsparameter låg under L2 i 2019.

Ø1.7 Delen generelle kostnader

Føremålet med styringsparameteren er å redusere Forsvarsbygg sin gjennomføringskostnad i investeringsprosjekta. Desse blir rapporterte som del av totalkostnaden ved investeringsprosjekta basert på kostnadsoppstilling i samsvar med Norsk Standard (NS3451).

Ambisjon 2020

Generelle kostnader skal ikkje overstige 18 prosent av totale prosjektkostnader.

Resultat 2020

Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter Ø1.7	2020	2019*
Generelle kostnader skal ikkje overstige 18 prosent av totale prosjektkostnader.	20 %	19 %

*Styringsparameter låg under L2 i 2019.

mål I1

Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Forsvarsbygg skal ved systematisk og kontinuierleg forbetningsarbeid leggje opp til effektivisering i alle ledd i verksemda og medverke til effektivisering i andre delar av forsvarssektoren.

Fram mot 2020 skal vedtekne effektiviseringstiltak gjennomførast og det skal etablerast ei systematisk tilnærming til kontinuierleg forbetring basert på felles metodikk for sektoren. I arbeidet med kontinuierleg forbetring og effektivisering skal det spesielt leggjast vekt på å vidareutvikle:

- standardiserte løysingar
- effektive leiings-, stabs- og støtteprosessar

Vurdering av måloppnåing skal baserast på evna til å etablere og utøve kontinuierleg forbetring basert på ei systematisk og heilskapleg tilnærming i eit sektorperspektiv. Realisering av igangsette og identifisering av nye effektiviseringstiltak skal leggjast vekt på i vurderinga.

Samla vurdering av måloppnåing

Vi leverer godt på målet i 2020.

Forsvarsbygg har i 2020 arbeidd vidare med å byggje ein kultur for kontinuierleg forbetring. Vi bruker Lean-metodikk til dette, gjennom eit internt program kalla Flyt. Ein av dei viktigaste aktivitetane i løpet av året har vore å vidareføre vegkartet for kontinuierleg

forbetring i organisasjonen. Vegkartet er verktøyet vårt for å auke modninga i organisasjonen innanfor kontinuierleg forbetring. I løpet av 2020 har alle tilsette gjennomført opplæring i lean. Dette gjer vi for å forsterke ein ønskt kultur, der alle jobbar kontinuierleg for å forbetre oppgåver og prosessar som ein del av den overordna oppdragsløysinga. Vi har også gjennomført verdistransanalysar på utvalde prosessar, slik at vi kan standardisere desse på tvers av organisasjonen. Standardisering er også eit viktig bidrag inn i det digitaliseringsarbeidet som går føre seg, der vi har fokus for å stø opp om digitaliseringsstrategien for sektoren.

I 2020 deltok Forsvarsbygg i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring si modnadsundersøking av anskaffingar. Resultata viser effekten av arbeidet med kontinuierleg forbetring. Sidan førre undersøking har vi styrkt resultatet i kategoriane *Styring og leiing* og *Samarbeid og prosess*, og ligg no høgare enn gjennomsnittet i statlege verksemdar.

Engasjementet for kontinuierleg forbetring i organisasjonen fører til eit stort tal forbetningsforslag, men vi ser at koronapandemien har påverka framdrifta for forbetningsarbeidet. Vi vil halde fram arbeidet med Flyt-programmet i langtidsperioden 2021–2024, og utarbeide eit vegkart for vidare arbeid med kontinuierleg forbetring. I det nye vegkartet vil vi leggje særleg vekt på å auke dokumentasjonen av vinstar og effektar.

Resultatkrav

SP I1.1 Kontinuerleg forbetring

Føremålet med styringsparameteren er å sikre at vi etablerer og gjennomfører kontinuierlege forbetningsprosessar i tråd med målsetnadene for sektoren.

Ambisjon 2020

Svært tilfredsstillande.

Resultat 2020

Måloppnåinga er svært tilfredsstillande.

VI BYGGJER FORSVARSEVNE KVAR DAG



Rapport for ressursbruk

I 2020 hadde Forsvarsbygg totale driftsinntekter på 6,3 milliardar kroner. I tillegg er det nytta løyvingar på 3 628 millionar kroner til finansiering av investeringar på eigedom, bygg og anlegg. Det gjev ei total finansiering av årets ressursbruk på 9,9 milliardar kroner, ein auke på 535 millionar kroner samanlikna med 2019. Aukem kjem hovudsakleg av auka produksjon på investeringsløyvingar. Andre inntekstpostar dreg i motsett retning: Sals- og leigeinntekter og andre driftsinntekter er reduserte med 455 millionar kroner. Dette kjem av redusert inntekt frå avhending av eigedom, bygg og anlegg i tillegg til lågare gjennomstrøymingsinntekter. Samansetninga av inntektene har endra seg, og dermed har også kostnadssamansetninga endra seg. Vi ser at auka investeringsaktivitet gjev lågare driftskostnader og gjennomstrøymingsaktivitet.

Kostnader

Dei totale kostnadene for 2020 var 9 754 millionar kroner¹. Av dette har vi gjennomført investeringar i eigedom, bygg og anlegg for totalt 3 628 millionar kroner, som er balanseført. Dei totale driftskostnadene for 2020 var 6 126 millionar kroner. Det er ein reduksjon på 242 millionar kroner frå 2019. Årsaka til reduksjonen er fem prosentpoeng nedgang i vare- og tenestekjøp, og 13 prosentpoeng nedgang for andre driftskostnader, grunna redusert gjennomstrøyming og større del investeringar i porteføljen. Kostnader til løn har auka med tre prosentpoeng. Det kjem av auka tal på årsverk. Avskrivingar på eigedom, bygg og anlegg aukar berre med to prosentpoeng, sjølv om investeringstakta aukar, fordi anlegg under utføring har auka med 2,1 milliardar kroner.

Totale kostnader per innsatsfaktor

Vare- og tenestekjøp utgjer 70 prosent av dei totale kostnadene i 2020, inkludert gjennomførte investeringar i EBA. Dette er ein auke på eitt prosentpoeng samanlikna med 2019. Delen samla lønnskostnader av totale kostnader er 13 prosent, uendra frå fjoråret. Andre kostnader utgjorde fire prosent av totalkostnaden, det same som i 2019. Avskrivingar på varige driftsmiddel var totalt 13 prosent, ned eitt prosentpoeng frå fjoråret.

Dei totale kostnadene var på 8 466 millionar kroner, dersom vi ser bort frå av- og nedskrivingar til investeringar i eigedom, bygg og anlegg.

Fordelt på innsatsfaktorane utgjorde vare- og tenestekjøp 85 prosent av dei totale kostnadene. Dette er ein auke på fem prosentpoeng samanlikna med 2019. Løn utgjorde elleve prosent, ein reduksjon på fire prosentpoeng samanlikna med 2019. Andre driftskostnader utgjorde fire prosent, ein nedgang på eitt prosentpoeng frå 2019.

Totalt vare- og tenestekjøp fordelt på kontonivå

Det er i 2020 utgiftsført kostnader på vare- og tenestekjøp for totalt 7 213 millionar, av desse er 3 628 millionar balanseførte. Vidare klassifisering av varekjøp viser at 87 prosent av varekjøpa var knytte til kjøp av tenester, sju prosent til gjennomstrøymingskostnader og seks prosent til direkte kostnader på drift. Av desse seks prosent utgjer innleige 54 prosent. Alle vare- og tenestekjøp blir bokførte direkte på prosjekta i dei ulike produktområda.

Totale kostnader per produktområde²

Totalt er det kome på kostnader på 4 345 millionar kroner til løyvingfinansierte produktområde i 2020. Det er ein auke på 28 prosentpoeng, samanlikna med 2019, og knytter seg til auka løyvingar på investeringsporteføljen. Oppdragsfinansierte kostnader på 420 millionar kroner er redusert med 22 prosentpoeng samanlikna med fjoråret. Årsaka er redusert oppdragsmengd til justissektoren.

Dei totale kostnadene knytte til husleigeavtalane for 2020 er på 2 856 millionar kroner. Dette er omtrent uendra samanlikna med fjoråret, men kostnadsamansetninga viser ein høgare del avskrivingar og intern timeproduksjon, og mindre forbruk av kjøp av tenester i marknaden. I 2020 har vi brukt 1 257 millionar til brukarstyrt utvikling og tilleggstenester i eigedomsdrifta, ein nedgang på to prosentpoeng. Årsaka til nedgangen er normal variasjon i behov frå Forsvaret. Forsyningskostnader utgjorde ni prosent av dei totale kostnadene, og består i hovudsak av gjennomstrøymingskostnader. Dei totale avhendingskostnadene utgjer 27 millionar kroner, ein reduksjon på 87 prosentpoeng samanlikna med fjoråret, grunna lågare avhendingsvolum på grunn av redusert moglegheitsrom. Kostnader forbundne med bustad og kvarter har ein reduksjon på tre prosentpoeng, som i hovudsak kan tilskrивast reduserte gjennomstrøymingskostnader knytte til straum.

1 Totale kostnader inkluderer aktiverte kostnader knytte til immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel, og i tillegg avskrivingar.

2 Alle produktområda er knytte til eigne avtalar, og kan ha ulike finansieringskjelder i statsrekneskapen.

Bemanningssituasjonen vår

Årsverksutvikling

Ved utgangen av 2020 var det totalt 1474 tilsette og 1 415 årsverk i Forsvarsbygg. Dette er ein auke på 6,4 prosent frå 2019, og kjem av auka oppdragsmengd.

Av dei fast tilsette er 98,9 prosent tilsette sivilt, og 1,1 prosent er militære. Denne fordelinga har vore stabil i fleire år. Av den totale arbeidsstokken er 5,5 prosent mellombelse stillingar. Dette er ein nedgang på 0,5 prosentpoeng frå 2019. Forsvarsbygg ligg godt innanfor landsgjennomsnittet, som ligg på 7,7 prosent i 2020 innanfor alle næringar. Deltidstilsette utgjorde 2,9 prosent (2019: 6,4 prosent) av arbeidsstyrken i 2020. Dette er langt under landsgjennomsnittet på 24,5 prosent i 2020.

Forsvarsbygg hadde i 2020 ein samla turnover på 7,5 prosent, ein nedgang på 1,5 prosent i 2019.

Sjukefråvær

Det totale akkumulerte sjukefråværet i Forsvarsbygg var i 2020 på 4,3 prosent. I 2020 var dette 2,8 prosent langtidsfråvær og 1,5 prosent korttidsfråvær. Ingen avdelingar ligg over 5 prosent, som er Forsvarsbygg sitt interne målkrav for sjukefråvær.


Dei fem siste åra har Forsvarsbygg hatt ein stabil nedgang i sjukefråværet for kvart år, trass i fleire store omstillingar i same periode. Vi har jobba systematisk over tid med å utvikle gode sjukefråværsrutinar, i tillegg til opplæring av leiarar i vanskelege sjukefråværsaker og tiltak for inkluderande arbeidsliv. Forsvarsbygg sitt skreddarsydde HMS-kurs og nyutvikla leiaropplæringsprogram har også vore viktige faktorar i arbeidet.

Talet på tilsette og årsverk


Inkludert pensjonistar, sjukevikarar og timeløna

● Talet på tilsette **1 474**
● Talet på årsverk **1 415**


● 26,4 % **kvinner**
● 73,6 % **menn**





Totale driftskostnader i perioden 2017-2020



Totale driftskostnader per innsatsfaktor



Totalt varekjøp fordelt på kontonivå



4

Styring og kontroll

Styringa og kontrollen i Forsvarsbygg er tilpassa eigenarten, risikoen og vesentlegheita til verksemda.

Vi gjennomfører aktivitetar i tråd med Forsvarsdepartementet sine mål og prioriteringar, og med effektiv ressursbruk.

Ein kultur for kontinuerleg forbetring er navet i arbeidet med å sikre effektive prosessar med høg kvalitet.

Innleiing

Forsvarsbygg har god styring og kontroll på verksemda. Forsvarleg forvaltning og kontinuerleg forbetring utgjer rammene for kulturbygging, organisering, effektivisering og styring av verksemda. I 2020 har vi har i aukande grad teke i bruk analyse og evalueringar som verktøy for å dokumentere røynsler. Gjennom å kople strategiske initiativ til verksemdsstyringa, legg vi til rette for ei meir heilskapleg oppfølging og effektiv gjennomføring.

Styringssystem

Hovudstrukturen i verksemdsstyringa vår ligg fast, og er tilpassa verksemda i eitt- og fleirårig perspektiv. Vi har ein velfungerande økonomimodell, som saman med mål-, resultat- og risikostyring, er navet i den overordna styringa vår. Internrevisjonen har vurdert at den overordna modnaden i Forsvarsbygg på styring og kontroll er formalisert, og på veg mot etterleving. På verksemdsnivå er denne vurderinga uendra frå 2019. Internrevisjonen peikar på at Forsvarsbygg er i positiv utvikling, og at enkelte element i styringssystemet vårt beveger seg mot kontinuerleg forbetring. Stadig fleire av arbeidsprosessane våre blir definerte og forbetra gjennom bruk av lean-baserte verktøy.

Styringssystem for tryggleik er i 2020 integrert i verksemdsstyringssystemet for Forsvarsbygg. Systemet er heilskapleg og innretta etter strategisk retning og prioriteringar for Forsvarsbygg. Full oppbemanning, og vidareutvikling av metodar og verktøy i anskaffingsavdelinga, har lagt til rette for betre forvaltning og profesjonalisering av leverandør oppfølginga.

Mål- og resultatstyring

Forsvarsbygg har nytt målbilete for langtidsperioden 2021–2024, som viser korleis resultata våre står opp om effektmåla for forsvarssektoren. Målbiletet legg vekt på berekraft i konkrete leveransar og rådgjeving i større grad enn tidlegare, i tillegg til at det inneheld færre rapporteringspunkt for lettare resultatoppfølging. Vi har fokus på måloppnåing i eittårsperspektiv og for langtidsperioden.

Forsvarsbygg bruker risikostyring som verktøy for å forsterke mål- og resultatstyring i verksemds- og i prosjektstyringa. I 2020 har vi gjennomført risikovurderingar av alle mål, og prioritert tiltak.

Vi har utarbeidd interne strategiske satsingsområde for å stø opp under det overordna målbiletet.

I mål- og resultatstyringa analyserer vi årsak og verknad og følgjer tett opp risiko gjennom risikoreduserande tiltak. Dette har bidrege til betre måloppnåing i løpet av året.

Risikostyring og intern kontroll

Systematiske og regelmessige vurderingar av risiko er ein integrert del av styrings- og rapporteringsprosessane i Forsvarsbygg. Gjennom tidleg iverksetjing av risikoreduserande tiltak, blir kritisk risiko følgt aktivt opp, og bidreg til at vedtekne strategiar blir gjennomførte og fastsette mål og resultat oppnådde.

Hausten 2020 implementerte vi eit nytt verktøy for å vurdere risikoen for misleg åtferd i kjerne- og støt-teprosessane våre. Arbeidsdeling og tilgangsstyring reduserer risiko for misleg åtferd i anskaffingane våre, og vi har høgt medvit rundt slik risiko i fakturahandteringa. Løpande styring, stadfestingsoppdrag og evalueringar gjer at vi kan avdekkje avvik og veikskapar i vår internkontroll, og setje i verk tiltak for forbetring. I 2020 har vi gjennomført ei omfattande kartlegging av korleis avdelingar og funksjonar i Forsvarsbygg etterlever lover og reglar som verksemda er underlagd. Kartlegginga har vorte brukt som grunnlag for å vidareutvikle eit rammeverk for internkontroll, som skal leggje til rette for ei sterkare integrering av kontrollmiljø, risikostyring og etterleving i Forsvarsbygg.

Riksrevisjonen

Forsvarsbygg fekk revisjonsbrev utan merknader frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2019. Vi har dei fem siste åra levert rekneskap utan vesentlege feil og manglar.

Verksemdskultur og integritetsbygging

Vi har eit høgt medvit rundt integritetsbygging og Forsvarsbygg sine verdiar. Samfunnsansvaret er ein del av visjonen vår, og legg dermed føringar for dei strategiske satsingsområda våre og styringa av verksemda. I løpet av dei siste åra har vi styrkt leverandør oppfølginga, og vi kommuniserer tydeleg haldningane våre mot arbeidskriminalitet til marknaden. Vi nyttar Forsvarsbygg sine leiar- og medarbeidar-

prinsipp i medarbeidersamtalar, og jobbar systematisk med å byggje ein felles kultur gjennom eigenopplæring og utviklingsprogram for leiarar og medarbeidarar.

I enkelte varslingssaker er det indikasjonar på at verdiane våre ikkje er godt nok forankra i organisasjonen, og talet på kontaktar inn til varslingskanalen har auka noko i 2020. Dette tek vi på alvor. Vi er tilfredse med at talet på varslingssaker som er handtert gjennom varslingskanalen, er lågt i forhold til storleiken på organisasjonen. Det er utarbeidd nye retningslinjer og rettleiar for varsling i forsvarssektoren i 2020, med bakgrunn i endringar i arbeidsmiljølova.

Porteføljestyrring

Strategisk porteføljestyrring av eigedom og prosjekt er ein del av den strategiske satsinga vår for ytterlegare å profesjonalisere verksemda. Forsvarsbygg ser framskaffing, verdibevaring, drift og avhending i samanheng ved utvikling av eigedomsporteføljen. Dette gjer vi for å effektivisere eigedomsporteføljen og optimalisere framtidig drift.

Forsvarssektoren innførte i 2020 ein ny investeringsprosess for eigedom, bygg og anlegg. Ein investeringskomité vart oppretta for å sikre overordna styring av materiell- og EBA-investeringar i forsvarssektoren. Komiteen består av representantar frå Forsvarsdepartementet, etatsjefane i forsvarssektoren og blir leia av forsvarssjefen.

Organisasjonsmodellen vår legg til rette for samhandling og betre styring av prosessar på tvers av avdelingar. Vi ser god effekt av å leggje til rette for større kontraktar på tvers av prosjekt og regionar, og har redusert unødvendig byråkrati i fleire prosessar.

Digitalisering

Forsvarsbygg starta 2020 med nyutvikla verksemds- og digitaliseringsstrategi. Vi har definert fire digitale satsingsområde:

1. Digitalisering av verdikjeda knytt til EBA
2. Bruke digitalisering for å sikre tilgang til styringsinformasjon og auke presisjonen i styring og rapportering
3. Byggautomatisering og smarte bygg
4. Ta i bruk digitale verktøy i andre prosessar

Vi har eit IT-porteføljestyre for å sikre god styring av IT-prosjekt og eit digitaliseringsforum for å drøfte og føreslå prioritering av digitaliseringsprosjekt.

I løpet av første tertial 2021, skal vi etablere eit forbedringsstyre som vil bestå av Forsvarsbygg leiargruppe. Saman med eit nyetablert porteføljekontor, skal styret sikre at prosjektporteføljen stør Forsvarsbygg sine strategiske mål og på den måten prioritere og realisere dei viktigaste prosjekta for Forsvarsbygg.

I løpet av 2020 har vi bygd tverrfagleg kompetanse om korleis vi skal handtere tryggleiksutfordringane ved digitalisering, og meiner vi har gode føresetnader for å implementere teknologi der tryggleikskravene våre blir varetekne.

Tryggleik og beredskap

Eit endra trugselsbilette krev at Forsvarsbygg heile tida tilpassar verksemda etter dette. Ein ekstern revisjon har stadfest at Forsvarsbygg har kome langt med implementeringa av ny tryggingsslov.

I 2020 implementerte vi ein ny tryggleiksorganisasjon, der vi kraftsamla tryggleiksressursane. Endringa vil i 2021 bli evaluert for å sjå om vi har henta ut ønskte effektar og vurdere moglege forbettringsområde.

Vi vil halde fram med å vidareutvikle tryggleikskulturen vår for å møte Forsvaret og samfunnet sine aukande forventningar til vår evne til å stø opp om Forsvaret.

Personvern og informasjons-tryggleik

Implementeringa av personvernforordninga (GDPR) har bidrege til at vi i aukande grad har lagt til rette for personvern i systema våre. Omsynet til personvern er også inkludert i prinsippa våre for informasjonsdeling. Datatilsynet stadfester at Forsvarsbygg sine rutinar for personvern er føremålstenlege og tilstrekkelege. Det er vorte eit større fokus på personvern og etterleving av personvernreglar på tvers av verksemda, noko som blir underbygd i vår årlege evaluering av status i arbeidet med personvern. Vi held fram med å følgje opp og tilpasse implementeringa av GDPR i 2021.

Forsvarsbygg har i 2020 styrkt samarbeidet med nasjonale miljø for førebygging, detektering og

handtering av cybertryggleikshendingar. Vidare har Forsvarsbygg styrkt tryggleiksorganisasjonen med nødvendig kompetanse slik at tryggleik og tillit blir bygd inn i valde digitale samhandlingsløysingar.

Under nasjonal tryggleiksmånad vart det gjennomført ein opplæringskampanje for alle tilsette. Opplæring omfatta materiale frå Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS), og intern informasjon og merksemd mot den nye tryggleiksorganisasjonen. Materiale og tryggleiks-quiz blir distribuert på tvers av verksemda utover heile året.

Inkludering i arbeidslivet

Forsvarsbygg har i 2020 gjennomført fleire tiltak for å styrkje arbeidet med inkludering i verksemda. Vi deltek i traineeprogrammet i staten for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en i arbeidsmarknaden. Hausten 2020 gjennomførte vi to vellukka rekrutteringsprosessar gjennom programmet. Oppstarten av traineeprogrammet vart forseinka på grunn av koronapandemien, og dei nytilsette tok derfor ikkje til før i januar 2021.

Vi har justert stillingsannonsane våre i tråd med tilrådingane frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. I tillegg har vi innarbeidd i rekrutteringsrutinane våre at det skal kallast inn minst éin kandidat til intervju, dersom vedkomande tilfredsstiller kvalifikasjonskrava og er i målgruppa for inkluderingsdugnaden. Forsvarsbygg har forsterka kontakten med NAV for å få eit større tilfang av aktuelle kandidatar i målgruppa til inkluderingsdugnaden. Vi ser også på praksisplassar som eit ledd i å styrkje rekrutteringa til faste stillingar av personar frå målgruppa. Dei fleste stillingane i Forsvarsbygg krev tryggleiksklarering. Dette kan vere utfordrande å oppnå for somme i målgruppa med hol i CV-en.

Talet på nytilsetjingar i 2020 med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en var éin i fast stilling og fem i mellombelse stillingar. Dette utgjer 2,2 prosent av dei nytilsette i 2020 samanlikna med 1,6 prosent i 2019. Det er under målsetnaden. Erfaringa vår er at det er kvalifikasjonskravet som gjer det krevjande å rekruttere personar frå målgruppa til faste stillingar. I 2021 vil vi utarbeide ein handlingsplan for arbeidet vårt med inkludering og forsterke arbeidet med å innfri ambisjonane i inkluderingsdugnaden.

Dugnad for arbeidslivskriminalitet

Nedkjemping av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er eitt av satsingsområda i Forsvarsbygg sin anskaffingsstrategi for 2019–2023. Vi har seriøsitetskrav i kontraktane våre, som er basert på dei tilrådde krava frå Direktoratet for forvaltning og IKT, Fellesforbundet, Byggenæringens landsforening og Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon i Noreg. Krava inkluderer krav til løns- og arbeidsvilkår for tilsette og innleigde, krav til maksimalt to ledd underentreprenørar, minimumskrav til faglærte og lærlingar, medlemskap i StartBANK, rapporteringsplikt til sentralskattekontoret for utanlandssaker og godkjenning av bruk av enkeltpersonsføretak og innleige. Forsvarsbygg har i 2020 revidert seriøsitetskrava, og har blant anna lagt til krav til innleigd arbeidskraft og prosentdel bruk av fast tilsette. Vi har også teke inn eit krav om plikt til å etterleve skatte- og avgiftslovgjevinga på generelt grunnlag, som vil gje oss høve til å reagere på avvik utover uteståande skatt- og avgift. Endringane vil bidra til ein styrkt arbeidsmarknad med tryggare rammer for den enkelte, og til ein meir seriøs leverandørmarknad med større fokus på etterleving av skatt- og avgiftslovgjevinga.

Forsvarsbygg har ein samarbeidsavtale med Skatteetaten, der føremålet er å utveksle opplysningar som bidreg til at Forsvarsbygg har leverandørar og underleverandørar som opptre i samsvar med norsk skatte- og avgiftslovgjeving. I 2020 etablerte vi ein ny prosedyre for innhenting av skattefullmakt, og vi har auka talet på skattefullmakter frå 124 til 527. Etter mottak av utvida skatteattest har vi følgd opp uteståande med krav om betaling, og ved manglande betaling har fleire leverandørar vorte avviste. Forsvarsbygg vurderer samarbeidet med Skatteetaten som godt, og har jamleg møte der det blir diskutert korleis vi på best mogleg måte kan motarbeide skatte- og avgiftskriminalitet på bygg- og anleggsplassane våre. Enkelte prosjekt sender oversiktslister direkte til Skatteetaten.

Våren 2020 gjennomførte Forsvarsbygg stikkprøvekontrollar på bruk av delen faglærte og lærlingar, og avdekte at krava i all hovudsak blir følgde. Vi gjennomførte også stikkprøvekontrollar på innleige av arbeidskraft hausten 2020. Sjølv om det vart avdekt fleire brot på regelverket for innleige, er det

stort sett innleigd arbeidskraft frå produksjonsbedrifter og ikkje bemanningsbyrå, der risikoen for brot på likebehandlingsprinsippet er størst. Med stikkprøvekontrollar på bruk av delen faglærte og lærlingar, og innleigd arbeidskraft, bidreg vi til større etterleving av kontraktskrav, som syter for ein tryggare og meir seriøs arbeidsmarknad der det er attraktivt å vere faglært. Vi har i tillegg gjennomført kontrollar på løns- og arbeidsvilkår ute i prosjekta. Der det vart oppdaga brot på arbeidstidsreglementet og manglande overtidsgodtgjersle, sette Forsvarsbygg fram krav om retting av avvika.


Forsvarsbygg deltek i eit samarbeidsforum saman med andre offentlege byggherreorganisasjonar, der vi deler erfaring og kompetanse. Vi har også halde fram samarbeidet med dei andre etatane i forsvarssektoren, som blant anna omfattar arbeid med nedkjemping av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.

I løpet av året 2019 henta vi inn og vurderte utvida skatteattest frå Skatteetaten for cirka 115 leverandørar og underleverandørar. Vi har brukt sanksjonsrettane i kontraktane for å få retta opp avvik, og har heva éin kontrakt og gjeve leverandøren bot for brot på løns- og arbeidsvilkår, og for brot på krav om lærlingar og faglærte. Det har også vore tilfelle der restansar på skattar og avgifter har vorte betalte etter kontroll av utvida skatteattest.

A large, white, stylized number '5' is the central focus, set against a dark blue background. The background features a silhouette of a person looking out at a sunset over a body of water, with a city skyline visible in the distance. The scene is captured in a cinematic style with soft lighting and a cool color palette.

5

Framtidsutsikter

A person is seen from the side, looking through binoculars. The scene is dimly lit, with a bright sunset or sunrise visible through a large window in the background. The person is wearing a dark uniform. The overall atmosphere is serious and focused.

Forsvarsbygg har frå og med 2021 eit nytt målbilete. Målbiletet legg i større grad enn tidlegare vekt på berekraft i konkrete leveransar og rådgjeving. Forsvarsbygg må i åra som kjem halde fram arbeidet med kontinuerleg å forbetre og effektivisere organisasjonen for å frigjere ressursar til høgare prioriterte aktivitetar.

Mål R1

Eit beredskapsklart Forsvarsbygg

Eigedom, bygg og anlegg er ein viktig innsatsfaktor som må fungere i fred, krise og krig, slik at forsvarssektoren kan løyse oppdraga sine. For å sikre at eigedom, bygg og anlegg stør opp om Forsvaret sine behov, skal Forsvarsbygg ha eit beredskapsfokus integrert i heile organisasjonen. Forsvarsbygg skal heile tida vere beredskapsklart i tråd med krava som blir stilte gjennom forsvarssektoren sine instruksar og retningslinjer. I langtidsperioden 2021–2024 vil vi derfor vidareutvikle eige operativt planverk, styrkje beredskapskompetansen og beredskapskulturen i organisasjonen, og revidere avtaleverket med alle avdelingane i Forsvaret.

Forsvarsbygg jobbar med å tilpasse beredskapsorganisasjonen til trugselbiletet. For å sikre operativ evne og effekt skal vi syte for at prioritert EBA har ein tilstand som stør opp om beredskapsevna. Bilaterale avtalar med Forsvaret, og styrkt samarbeid med sivile aktørar og sivile kapasitetar, stør opp om beredskapsevna og med det totalforsvarsevna. Vi skal halde fram med å trene og øve saman med dei andre aktørane i forsvarssektoren for å vidareutvikle det operative planverket vårt. Joint Viking 2021 og Cold Response 2022 vil vere sentrale øvingar for dette arbeidet. Vi forventar eit framleis høgt aktivitetsnivå for tryggleiksfagleg rådgjeving, prosjektering, forskning og utvikling attåt risiko- og sårbarheitsanalysar.

Vi held fram det internasjonale forsøkssamarbeidet SHIELD (Super Heavy Improvised Explosive Loading Demonstration), og har leiinga i å studere verknader av eksplosjonslaster på ulike sivile og militære konstruksjonar og materiell. SHIELD skaper ei samarbeidsplattform mellom dei ulike nasjonane, og gjev oss høve til å sikre tilgang til forsøksdata for sivilt og militært vern.

Forsvarsbygg har eit breitt spekter av beredskaps-, tryggleiks- og eigedomsfaglege rådgjevingsmiljø. Denne tverrfaglege kompetansen vil vere avgjerande for å levere beredskapsklare EBA-løysingar til heile forsvarssektoren. Vi vil halde fram med utveksling av spisskompetent beredskapspersonell mellommetatane i forsvarssektoren for å bidra til lik forståing og handtering av kompleksiteten i beredskapsarbeidet.

MÅL R2

Framskaffing av berekraftig eigedom, bygg og anlegg

Forsvarsbygg skal stø opp om vidareutviklinga av basestrukturen for Forsvaret sine kapasitetar gjennom spisskompetansen vår på forsvarsspesifikk eigedom, bygg og anlegg. Dette gjeld både ved utvikling av eksisterande eigedomsportefølje og ved framskaffing av nye kapasitetar. For Luftforsvaret vil dei største framskaffingane vere framskoten base for kampfly og hovudbase for maritime patruljefly på Evenes. For Sjøforsvaret skal vi vidareutvikle Haakonssvern orlogsstasjon for støtte til ubåtvåpenet, og vidareutvikle Ramsund orlogsstasjon som Sjøforsvaret sin base i nord. Etableringa av Finnmark landforsvar, og vidareutviklinga av basestrukturen i indre Troms, vil vere hovudinnsatsen overfor Hæren i langtidsperioden.

Forsvarsbygg er opptekne av at ein forstår eigedom, bygg og anlegg som ein del av den operative strukturen til Forsvaret. Vi skal gjennom fornying og framskaffing bidra til at Forsvaret sin anleggs- og eigedomsmasse stør opp om dei operative ambisjonane for Forsvaret og styrkeproduksjonen forbunden med dette. Det krev at Forsvarsbygg tek ei meir proaktiv rolle, og gjennom strategiske råd sikrar at EBA-tiltak blir planlagde parallelt med materiell, IKT og personell.

For at ambisjonane i langtidsplanen skal kunne realiserast, må det hentast ut vinstar gjennom forbe-tringsarbeid og effektivisering. Digital prosjektering, bygging og digitale samhandlingsløysingar vil vere satsingsområde i åra som kjem. Forsvarsbygg vil jobbe fram meir fleksible anskaffingsløysingar, auke bruken av pre-aksepterte og standardiserte løysingar for fleire byggkategoriar og utvikle nye og meir fleksible EBA-løysingar.

Forsvarsbygg skal bidra til å redusere klimaavtrykket og minimere miljøpåverknaden frå forsvarssektoren. Som EBA-fagleg rådgjevar vil vi i avgjerdsforslaga våre vurdere klimaavtrykket for dei ulike løysingskonsept, ved sida av operativ funksjonalitet, gode driftsløysingar, nøkternheit, kostnadseffektivitet og fleksibilitet. Meir miljøvenlege og energieffektive bygg vil kunne medføre lågare kostnader samtidig som det bidreg til oppnåing av FN sine berekraftsmål.

MÅL **R3*****God forvaltning av eigedomar, bygg og anlegg som tilhører forsvarssektoren***

Forsvarsbygg skal sikre at eigedomsporteføljen i forsvarssektoren er berekraftig og kostnadseffektiv. Dette skal gjerast gjennom langsiktig verdibevarande forvaltning av eigedomsporteføljen, medrekna økonomisk verdi, bruksverdi og verneverdi. Det overordna målet med forvaltninga er at all ressursbruk skal skape funksjonell EBA som tilfredsstiller Forsvaret sitt behov og sikrar best mogleg totaløkonomi i forsvarssektoren. Utfordringa framover vil vere den same som vi har sett dei siste åra: Å prioritere avgrensa ressursar i eigedomsporteføljen for å sikre at Forsvaret får funksjonell EBA tilpassa behovet sitt. Dette gjeld også eigedomar som er avgjerande for Forsvarets beredskap og må fungere frå dag éin.

Trass i store EBA-investeringar, har framleis tilstandsgraden på porteføljenivå ei negativ utvikling. Gjennomsnittsalderen på EBA-porteføljen aukar og tilseier framleis eit stort behov for fornying. Det er derfor avgjerande å sjå innsatsfaktorar og prioriteringar i samanheng i dialogen vår med Forsvaret. Store delar av infrastrukturen i forsvarssektoren sin eigedomsportefølje treng oppgradering. Denne utfordringa viser seg særleg når vi legg til rette for plassar/campar og infrastruktur for alliert mottak. Digital kartlegging av infrastruktur, bruk av droneteknologi til inspeksjon av EBA, og digitale løysingar for byggautomatisering, er alle viktige bidrag for ytterlegare å effektivisere forvaltninga av eigedomsporteføljen.

Forsvarsbygg utgreier utsiktene til å etablere eit nytt energioppfølgingssystem for heile sektoren. Det eksisterer eit stort miljømessig og økonomisk vinstpotensial ved effektiv måling og styring av energiforbruket i sektoren.

Vi er opptekne av å halde ved lag opne og tilgjengelege festningar for publikum. Dette føreset auka inntekter. Avhending av bygg i randsonene rundt festningane kan vere eit verkemiddel for å frigjere midlar til verdibevaring. I 2021 skal vi halde fram å vurdere fleire forvaltningsalternativ, slik at vi kan auke evna festningsverka har til sjølvfinansiering.

MÅL **R4*****Profesjonell og heilskapleg rådgjeving***

